

1. Introduser timen og start med å sjå [Takknemlighet og følelser - YouTube](#)

Sjå bilde frå filmen og snakk om det de såg:



Vi som bur i Noreg er så heldige: Kva er vi heldig med som bur her?



Å telle gledene sine kan kjennes godt for oss. Prøv å tel gledene dine litt heilt stille inni deg. Kom på alt det du er glad og takknemleg for!

2. Keiserens gamle klede:

Vi skal jobbe litt med å sette pris på det vi allereie har, i staden for å alltid ønske oss noko nytt og betre. Det kan vere vanskeleg, men også nyttig. La oss først sjå eit eventyr om han som heile tida ønska seg noko som var betre enn det alle andre hadde: [Keiserens nye klær - YouTube](#)

Det gjekk ikkje så bra med keisaren. Vi skal late som om vi er tenarane til keisaren:

- **Korleis kan vi overbevise han om at det er betre å ha dei kleda han allereie har i staden for å kjøpe desse nye magiske kleda?**
- **Kan de kome på noko de kan sei til keisaren for at han heller skal sette pris på dei han allereie har?**

La elevane samarbeide i grupper, og evt rollespille samtalen der dei får keisaren til å like dei kleda han har frå før.

3. Ethiske sider ved ressursbruken vår:

Sjå filmen [Oppdrag Bærekraft - en film om verdens viktigste kunde - YouTube](#)

Sjekk at elevane forstod budskapet: at det er viktig at vi venner oss til å sette pris på det vi allereie har, og ikkje kjøper meir enn vi faktisk treng – fordi det er viktig for miljøet vårt, jorda vår og eit berekraftig samfunn.

4. Aktivitet 3 ting:

Introduser: Noko viktig vi kan bidra med for å redusere forbruk og bidra til berekraft er å sette pris på tinga vi har, og bruke dette i staden for å kjøpe nytt – dersom mogleg. Barn treng nye klede og sko når dei gamle har blitt for små, men kanskje kan vi arve frå søsken/søskenbarn? Kanskje kan vi låne i staden for å kjøpe? Kanskje kan vi kjøpe brukt?

Med ting er det annleis, der ønsker vi ofte nytt sjølv om vi allereie har. No skal vi gjere ei oppgåve som handlar om tinga våre og finne ut at det er forskjell på det vi ønsker og det vi treng:

Be elevane kome på og teikne/skrive om desse 3 tinga:

1. Ein ting du er veldig glad i og aldri kunne tenke deg å gi bort – kva gjer denne tingen spesiell for deg? Kva er du takknemleg for med denne?
2. Ein ting som du ønsker deg veldig, men kanskje ikkje egentlig treng. Kvifor ønsker du deg denne? Ville denne gjort deg takknemleg? Kor lenge? Korleis? Kor lenge ville gleda vart? Kor fort ville du starta å ha lyst på noko anna?
3. Ein ting som du ønska deg veldig, og fekk, men som du blei lei av ganske fort. Huskar du kvifor du ønska deg denne? Kva gjorde at du blei lei av den?

Be elevane vise og fortelje kvarandre i grupper, og sjå om dei kjem på nokon fellestrekk med dei 3 tinga. Kva er det som gjer at vi blir spesielt glad i ting? Kva ting ønskjer vi oss utan å trenge dei? Kva ting blir vi fort lei?

4. Om tinga våre kunne snakke:

Sjå historia om fotoapparatet som blei kasta fordi det ikkje virka så godt lenger [CGI Animated Short Film HD "Last Shot" by Aemilia Widodo | CGMeetup - YouTube](#) La elevane kome på om dei har noko heime som dei har slutta å bruke, eller som ikkje er heilt som det var, og prøve å finne ut om dette er noko dei framleis kan ha glede av. Kan det fiksast litt? Er det nokon andre som kan få glede av det?

5. Her er ein anna film de eventuelt kan sjå i løpet av ein eller fleire timar om temaet. Nytt er ikkje alltid best!

[CGI Animated Short Film "Embarked" by Adele Hawkins, Mikel Mugica and Soo Kyung Kang | CGMeetup - YouTube](#)